



# STAD

## Nyhendebrev Nr. 2/2026

### NYTT OG NYTTIG for frivillige i Stad

#### Helse i kvardagen: 60+ - infomøte 8. juni kl. 17.00

Vi oppmodar alle frivillige organisasjonar om å dele denne informasjonen med medlemmer og kjenningar som kan vere i målgruppa!

Måndag 8. juni inviterer Stad kommune til eit ope informasjons- og kunnskapsmøte om aldring og helse. Hugs at du må tinge gratisbillet til arrangementet. Det vert også sett opp gratis skysst frå Stadlandet/Selje/ Flatraket/Bryggja. **Frist for å tinge skysst er torsdag 4. juni.** Les alt om arrangementet her: [Helse i kvardagen: 60+ - Operahuset Nordfjord](#)  
Invitasjon finn de her: [helse-i-kvardagen-60.pdf](#)

#### Vis fram ditt lag på Stad Foreningsportal!

Innbyggjarar, kommune, næringsliv, nytilflyttarar – alle ønskjer å vite kva vi har av organisasjonar og aktivitetar i Stad kommune. Stad kommune arbeider kontinuerleg med å halde portalen oppdatert, men lag og organisasjonar må sjølve oppdatere kontaktinformasjonen om sitt lag! Bruk gjerne kalenderen til dykkar aktivitetar og tilbod <https://stad.foreningsportal.no/>  
Ta kontakt med frivilligsentralane om du treng redigeringskode eller om de treng hjelp/har spørsmål.

#### No kan frivillige organisasjonar søke momskompensasjon –

Søknadsfrist 1. september 2026.

For søknadsrunden 2026 er det nytt regelverk. Formålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet, ved å godtgjere for kostnader som frivillige organisasjonar har hatt til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

[Momskompensasjon for frivillige organisasjoner - Lottstift](#)



Stad kommune



## Nyhendebrev Nr. 2/2026 - Side 2

### NYTT OG NYTTIG for frivillige i Stad

#### Det blir Frivilligkveld på Bryggja til hausten

Ny frivilligkveld – møteplass mellom frivillige og kommune er under planlegging. Dato kjem i neste nyhendebrev i august. Følg også med på [Stad foreningsportal](#)

#### Vil ditt lag/organisasjon arrangere ein møteplass/aktivitet for born og unge sommaren 2026

- I samarbeid med sommarmøteplassane i Selje og på Nordfjordeid. Frivilligsentralane har midlar. [Les meir om det her:](#)

#### Eid Frivilligsentral fyller 30 år

Dette vert markert med ope hus og aktivitetar 1. juli. [Program kjem her](#)

#### Hjelp oss å spre informasjon om - Pårørandeskule hausten 2026

Pårørandeskule er eit tilbod til deg som har ein nær med minnesvikt eller demenssjukdom. Det går over 4 torsdagar i september. [Informasjon finn de her](#)

#### Bruk tilskuddsportalen!

Rask tilgang til fleire tusen tilskotsordningar. Alle frivillige organisasjonar i Stad kommune kan bruke denne gratis. [Tilskuddsportalen.no](#)

#### Få råd og rettleiing på frivilligsentralane

[Eid Frivilligsentral](#) tlf. 41460042 (feriestengt hovudsakleg i veke 29-31)

[Selje Frivilligsentral](#) tlf. 95869223 (feriestengt hovudsakleg i veke 22-24)



Stad kommune